
ATLE HENNING MARIUSSEN

Mobilnummer **E-postadresse**
901 57 708 atlehdm@live.no

Kontonummer **** ** 05926

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
12.10.2020	Alver kommune	12.05.2020	2020/9584, Agros 132219

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Beiterydding, eine

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 8 625 kroner i tilskot til ATLE HENNING MARIUSSEN til Beiterydding, eine. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 12.05.2023.

Alver kommune viser til søknad av 12.05.2020.

Bakgrunn i saka

ATLE HENNING MARIUSSEN søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 12.05.2020. Du søker om totalt 10 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.09.2020-01.09.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 20 000 kroner.

Søkjar ønsker å fjerne einebusker på siste del av gjengrodd beite arealet . Når denne teigen er ryddet, framstår området som eit fint kulturlandskap og fint beite for villsau.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Prosjektet er rydding av einebusker med motorsag, saks og handmakt for å bruke til beiting av vill sau .

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7.
Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også høyt prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Administrasjonen meiner att tiltaket er godt og vil bidra til å utvikla kulturlandskap gjennom aktivt beiting.

Godkjent kostnadsoverslag :

Tiltak	Mengde	Einingskosten nad	Kostnad kr	Tilskot %	Tilskot kr
beiterydding, daa	6,9	2500	17250		
Sum				50	8625

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 8 625 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 12.05.2023. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbrukslova

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapportering skal gjerast elektronisk via altinn. Skjema for rapportering finn du på landbruksdirektoratet si heimeside eller ved å logge inn på saka di i altinn
Husk å ta bilder underveis, før timelister og ta vare på kvitteringar for utlegg som du har hatt underveis tilknytt tiltaket.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 17 250 kroner. Utbetalte tilskot kan ikke overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalte tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Kjartan Nyhammer